

Ny toppleiar i Wattn

Thomas Haram er tilsett som CEO i Wattn og startar i stillinga i løpet av hausten.

I dag er han administrerande direktør hos ein av dei største møbelprodusentane i Skandinavia, Fora Form. Han har gjennom denne stillinga hatt stort fokus på berekraft, merkevarebygging, digitalisering og eksport.

Thomas Haram skal no lede Wattn med over 50 tilsette fordelt på åtte lokasjonar. Sidan lanseringa i 2021 har Wattn vakse seg til å bli blant dei største straumselskapa i landet. I tett samarbeid med kundane har dei i denne perioden utvikla fleire produkt og tenester for å dekke marknaden sitt behov for innsikt og kontroll over straumforbruket.

- *Eg er utruleg glad for moglegheita eg har fått til å lede Wattn. Det er ein bransje som verkeleg har opplevd store endringar dei siste åra. For folk flest er det blitt veldig viktig å ha eit bevisst straumforbruk, både for miljøet og for lommeboka. Volatile prisar, framtidsutsikter om knappe kraftressursar og sterk konkurranse gjer at dette er ein bransje der moglegheitene står i kø – det synes eg er spennande, seier Thomas.*

Styret i Wattn er veldig fornøgde med at ein ny CEO er på plass.

- *Thomas tar med seg relevant erfaring og gode leiareigenskapar som gjer at vi er sikre på at han er den rette til å styrke Wattn sin posisjon og lede selskapet til vidare vekst, seier Erik Espeset, Styreleiar i Wattn.*

Om Wattn

Straumselskapet Wattn er skapt og eigd av TAFJORD, Sogn og Fjordane Energi, Tussa og Sognekraft.

Vi tilbyr framtidretta produkt og tenester med fokus på smart teknologi og berekraft. Gjennom gode løysingar ønsker vi å gi kundane betre innsikt og kontroll over kostnader og forbruk. Wattn har 50 tilsette fordelt på kontor i Ålesund, Sandane, Førde, Florø, Ørsta, Stryn, Vik i Sogn og Kvinnherad.

Kontaktinformasjon:

Bjarne Dybvik, administrerande direktør

Telefon: 905 22 436

E-post: bjarne.dybvik@wattn.no

Erik Espeset, styreleiar

Telefon: 905 20 33

E-post: erik.espeset@tafjord.no